



Saksframlegg

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
029/17	Plan- og samfunnsutvalet	PS	19.09.2017
081/17	Bystyret	PS	03.10.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Heidi Dyrøy	ARP - 20100109, K2 - L12	16/2266

Detaljreguleringsplan - Sørstrand, Friluftsområde/ Veg – Planid 20100109 - planvedtak

Framlegg til vedtak:

1. Flora Bystyre vedtek framlegg til Detaljreguleringsplan - Sørstrand, Friluftsområde/ Veg – Planid 20100109 med planomtale og ROS-analyse datert 07.06.2017, plankart datert 23.06.2017 og føresegner sist datert 05.09.2017.
2. Reguleringsplan/delar av reguleringsplan som ny Detaljreguleringsplan - Sørstrand, Friluftsområde/ Veg – Planid 20100109, får konsekvensar for blir oppheva, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner. Dette omfattar:

Heile:

PlanID 20070105: Sørstrand, gbnr 28/154 og 712, allmenntilgjengelig/barnehage, bustad og ballbane, godkjent 23.10.2007.

PlanID 19970209: Utbyggingsplan for Sørstrand, del av gbnr.28/154, Bustad, godkjent 19970209.

Delar av:

PlanID 20100110: Detaljreguleringsplan – Kinnvegen, godkjent 07.06.2012.

PlanID 20060116: Florø lufthamn, flyplass, endring, godkjent 19.04.2006.

PlanID 20060106: Thor Solbergveg, gang-/sykkelveg, godkjent 19.04.2006



FLORA KOMMUNE

PlanID 19980201: Utbyggingsplan Mulelidmarka, gbnr 28/24, bustad, godkjent 20.01.1998.

PlanID 19970103: Vågavegen - Thor Solbergveg, Bustader m.m., godkjent 24.06.1997.

PlanID 19810104: Storåsen Sør.

Framlegg frå repr.Hilmar Eliasson,Samlingslista:
Vei SGS2 vert stengt for all ferdsel.

Plan- og samfunnsutvalet - 029/17

PSUV - handsaming:

Plansjef er ugild i saka, Ragnhild Skår fråtrer som rådmann ved handsaminga.

Heidi Dyrøy svarar på evt. spørsmål på vegne av administrasjonen.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

PSUV - vedtak:

1. Flora Bystyre vedtek framlegg til Detaljreguleringsplan - Sørstrand, Friluftsområde/ Veg – Planid 20100109 med planomtale og ROS-analyse datert 07.06.2017, plankart datert 23.06.2017 og føresegner sist datert 05.09.2017.
2. Reguleringsplan/delar av reguleringsplan som ny Detaljreguleringsplan - Sørstrand, Friluftsområde/ Veg – Planid 20100109, får konsekvensar for blir oppheva, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner. Dette omfattar:

Heile:

PlanID 20070105: Sørstrand, gbnr 28/154 og 712, allmenntilgjengelig/barnehage, bustad og ballbane, godkjent 23.10.2007.

PlanID 19970209: Utbyggingsplan for Sørstrand, del av gbnr.28/154, Bustad, godkjent 19970209.

Delar av:

PlanID 20100110: Detaljreguleringsplan – Kinnvegen, godkjent 07.06.2012.

PlanID 20060116: Florø lufthamn, flyplass, endring, godkjent 19.04.2006.

PlanID 20060106: Thor Solbergveg, gang-/sykkelveg, godkjent 19.04.2006



FLORA KOMMUNE

PlanID 19980201: Utbyggingsplan Mulelidmarka, gbnr 28/24, bustad, godkjent 20.01.1998.

PlanID 19970103: Vågavegen - Thor Solbergveg, Bustader m.m., godkjent 24.06.1997.

PlanID 19810104: Storåsen Sør.

Bystyret - 081/17

BYST - handsaming:

Repr. Jan Henrik Nygård, V gjekk frå som ugild i denne saka (styreleiar).

Eliasson ber om gruppemøte.

Etter gruppemøte vart det føreteke røysting slik:

Tilrådinga frå Plan- og samfunnsutvalet vart sett opp mot framlegget frå Eliasson, der tilrådinga vart vedteken med 22 mot 8 røyster.

BYST - vedtak:

1. Flora Bystyre vedtek framlegg til Detaljreguleringsplan - Sørstrand, Friluftsområde/ Veg – Planid 20100109 med planomtale og ROS-analyse datert 07.06.2017, plankart datert 23.06.2017 og føresegner sist datert 05.09.2017.
2. Reguleringsplan/delar av reguleringsplan som ny Detaljreguleringsplan - Sørstrand, Friluftsområde/ Veg – Planid 20100109, får konsekvensar for oppheva, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner. Dette omfattar:

Heile:

PlanID 20070105: Sørstrand, gbnr 28/154 og 712, allmennyttig/barnehage, bustad og ballbane, godkjent 23.10.2007.

PlanID 19970209: Utbyggingsplan for Sørstrand, del av gbnr.28/154, Bustad, godkjent 19970209.

Delar av:

PlanID 20100110: Detaljreguleringsplan – Kinnvegen, godkjent 07.06.2012.

PlanID 20060116: Florø lufthamn, flyplass, endring, godkjent 19.04.2006.

PlanID 20060106: Thor Solbergveg, gang-/sykkelveg, godkjent 19.04.2006

PlanID 19980201: Utbyggingsplan Mulelidmarka, gbnr 28/24, bustad, godkjent 20.01.1998.



FLORA
KOMMUNE

PlanID 19970103: Vågavegen - Thor Solbergveg, Bustader m.m., godkjent 24.06.1997.

PlanID 19810104: Storåsen Sør.



Saksopplysingar:

Kva saka gjeld:

Hovudformålet med planarbeidet er tilrettelegging for friluftsføremål på Sørstrand, slik at dette området kan opparbeidast slik gjeldande kommunedelplan for Florelandet-Brandsøy legg til rette for. Planen legg og opp til utbetring av Vågavegen og Sørstrandvegen, då desse er tilkomstvegar til området. Desse vegane er i dag smale og med dårlege/lite trafikktrygge løysingar for gåande og syklande.

Planforslaget

Forslag til Detaljreguleringsplan - Sørstrand, Friluftsområde/ Veg – Planid 20100109 er ein kommunal detaljreguleringsplan. Bakgrunn for saka og beskriving av tiltaket går fram av planforslaget med tilhøyrande beskriving.

Formålet med reguleringa

Gjeldande kommunedelplan for Florelandet-Brandsøy har utpeika Sørstrand som «bystrand» og folkeparkområde for Florø. Området er i dag nytta til dette føremålet, men for å utvikle det vidare er det behov for ein heilskapleg plan for tilrettelegging av heile området for friluftslivføremål. Det er dette som er føremålet med detaljreguleringsplanen, samstundes som den og tek med trafikkforhold til og frå området, samt parkering. Vågavegen og Sørstrandvegen er tilkomstvegar til planområdet. Desse går igjennom bustadområdet, dei er generelt smale og trafikktryggleiken er dårleg. Vegane er utan skilje mellom biltrafikk og gåande og syklande og til dels er uoversiktlege.

Planen legg til rette for opparbeiding av stiar, servicebygg og aktivitetsområde innanfor friluftsområdet, samt utbetring av Vågavegen og Sørstrandvegen for å betre trafikktryggleiken. Planen legg til grunn at det i hovudsak vil verte fleire syklande og gåande som besøkjer friluftsområdet, og opparbeiding av fortau langs Vågavegen vil derfor vere viktig for å sikre trygg tilgang til friluftsområdet. Fortauet vil og gje betre trafikktryggleik for dei som bur i området og gjennom kantstopp til fortauet personar som nyttar bybussen som går via Vågavegen ha betre trafikktryggleik. Då planframlegget og vil medføre noko auke i trafikk for køyrande er det og lagt til rette for utbetring av parkeringsarealet ved friluftsområdet, slik at ein får ein parkeringsdekning på totalt 65-70 parkeringsplassar. Det er også lagt til rette for sykkelparkering innanfor friluftsområdet, ved badeområdet.

Forhold til overordna planar

Planforslaget er i tråd med gjeldande kommunedelplan for Florelandet-Brandsøy. Aktuelt område er i kommunedelplan sett av til LNF-område, friluftsområde i sjø, bustadområde og friområde. I tekstdel av kommuneplanen er området Sørstrand skildra som det største sjønære friluftområdet innanfor kommuneplanområdet med unike kvalitetar i lokal samanheng. I teksten vert det vist til at det er

utarbeidd ein eigen iderapport, og at området skal utviklast i tråd med dei ideane som rapporten syner.

Planframlegget vil og være i samsvar med ny kommunedelplan for gåande og syklande då utbetring av Vågavegen og Sørstrandvegen vil betre forholda for gåande og syklande.

Førstegongs-handsaming

Planforslaget blei førstegongs-handsama av Plan- og samfunnsutvalet 20.06.2017 i sak 022/17. Plan- og samfunnsutvalet vedtok å fremje saka, sende henne p å høyring og leggje henne ut til offentleg ettersyn.

Endringar etter førstegongs-handsaming

Det er gjort justeringar i føresegnene for å imøtekomme merknadar. Desse er vist nedanfor. Endringane er vist med raud skrifti føresegnene.

- Punkt 2.1.2 Varslingsplikt ved funn av automatisk freda kulturminne er endra slik at Bergen Sjøfartsmuseum dersom ein finn kulturminner i sjø skal varslast dersom ein finn kulturminne i sjø.
- Punkt 3.1.3 Fritids og turistføremål o_BFT1-2 er endra slik at servicebygget kan ha maks gesims/møne på kote 10
- Punkt 3.3.1 er endra slik at sentrale kvileplassar kan utformast med tak og naturnær material- og fargeval.
- Punkt 5.1 har fått eitt nytt kulepunkt: All ferdsel og bruk av anleggsmaskiner og kraner m.v. (mellombelse hinder) skal avtalast og godkjennast på førehand av Avinor v/ Lufthamnsjefen.

Kartet som viser høgderestriksjonar i innflygingsbana til Florø Lufthamn har fått endra layout for å gjere det meir lesbart.

Høyringsfråsegner

Planforslaget blei lagt ut til offentleg ettersyn i perioden frå 30.06. til 01.09.2017. I same periode blei forslaget sendt til uttale mellom anna til regionale myndigheiter, grunneigarar som forslaget ville få konsekvensar for, og tenesteområde i kommunen. Det kom inn totalt 16 fråsegner. Dei følgjer saka som utrykte vedlegg. Hovudtrekka i merknadene er refererte i eit eige vedlegg.

Motsegner

Det er ikkje varsla motsegner til planen frå fylkeskommunen, nabokommunar eller statlege fagmyndigheter der saksområdet blir påverka. Kommunestyret kan dermed vedta reguleringsplanen.

Lovheimlar

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-12 blir saka lagd fram til vedtak for kommunestyret.

Vurdering:

Innkomne merknader

Vurderinga av dei enkelte innkomne fråsegnene kjem fram av kommentarane i vedlegget.

Samla vurdering:

Planforslaget er godt gjennomarbeidd og varetek nødvendige omsyn. Det er ein interessemotsetnad mellom omsynet til private grunneigarar og samfunnsinteressene i høve utbetring av vegane for å få meir trafikksikker tilkomst. Ved utarbeiding av planframlegget har det vore ei mål å få til ei vegløyning som har minst mogleg innverknad på private eigedomar, samstundes som samfunnsinteressene vert teke i vare. Administrasjonen meiner derfor at det i denne fasen må leggjast avgjerande vekt på samfunnsinteressene og det er desse som er lagt il grunn for sluttbehandling og forslag til vedtak i saka.

Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor tilrår rådmannen at planforslaget for Detaljreguleringsplan - Sørstrand, Friluftsområde/ Veg – Planid 20100109 blir vedteke.

Økonomiske konsekvensar:

Vågavegen og Sørstrandvegen er kommunale vegar. Utbetring av desse vil såleis ha økonomiske konsekvensar for kommunen. I denne omgang er det ikkje gjort berekning av kostnaden

Miljømessige konsekvensar:

Miljømessige konsekvensar er utgreidd i planomtalen og vurdert ved førstegongshandsaming av planframlegget.

,

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm:



FLORA
KOMMUNE

Plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter

Vedlegg:

2017033_Sørstrand_PLANOMTALE_20170607

20100109_Sørstrand_05.09.2017

føresegner_sørstrand_20170907

Sørstrand_Avinor_05.09.2017

Innkomne merknadar høyring-06092017